



Fylkesmannen Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/13243 - 20/64566

Saksbehandlar:  
Kjartan Medaas  
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:  
14.10.2020

## Vedtak til klagevurdering - gbnr 445/320 Manger nedre

Tiltak:  
Byggjestad: Gbnr:445/  
Tiltakshavar:  
Ansvarleg søkjar:

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå byggjegrense mot sjø og søknad om løyve til oppretting av ny grunneigedom.

### Planstatus

Eigedomen ligg i regulert område innanfor reguleringsplan for Selfallet, planid: 12602006000400. Området er regulert til naust. Området er supplert med byggjegrense mot sjø i kommunedelplan for Radøy, tidlegare kommuneplan for Radøy.

### Handsaming

Søknaden vart handsama administrativt utan at saka var sendt på høyring til Fylkesmannen. Følgjande vedtak vart fatta 08.10.2020:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå byggjegrensa mot sjø for oppretting av ny grunneigedom på gbnr 445/320 som omsøkt.**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m, 20-2 og 20-4, bokstav d vert det gjeve løyve til oppretting av ny grunneigedom frå gbnr 445/320 på følgjande vilkår:**

- Grensene for den nye grunneigedomen vert som før.
- Det må leggjast fram erklæring om rett til 2 parkeringsplassar på gbnr 445/437 før oppmålingsforretning vert slutført. Erklæringa skal tinglysast.

**Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering jf. pbl § 21-9.**

Saksutgreiing med vedtak følgjer vedlagt.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut.

Spørsmål i saka kan rettast til Kjartan Medaas på e-post [kjartan.medaas@alver.kommune.no](mailto:kjartan.medaas@alver.kommune.no) eller på telefon 56 34 90 53.

## Regelverk

- Du kan klage på vedtaket med grunnlag i forvaltningslova (fvl) §§ 28-36.
- Klage på vedtaket må vere nytta fullt ut før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, jf. fvl § 27b.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Kart og oppmåling

Kjartan Medaas  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## Vedlegg:

Dispensasjon og løyve til deling av heil teig - gbnr 445/320 Manger nedre  
445-320- Kart  
Søknad om disp

## Kopi til:

Øystein Hella Skiftesvik	Selfallet 80	5936	MANGER
--------------------------	--------------	------	--------

## Mottakarar:

Fylkesmannen Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
-----------------------	--------------	------	-----------